



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 04.12.2017
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	
Torunn Johansen	Medlem	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	
Trude Miland Helland	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Marianne Ytrearne	Sekretær

Arvid Ole Refvik
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 33/17	Godkjenning av protokoll	
PS 34/17	Oppsummering av eldredagen	
PS 35/17	Referat frå Eldrerådskonferansen 7. - 8. november 2017	
PS 36/17	Eldrerådskurs i Melsomvik januar 2018	
PS 37/17	Apotek i Fitjar	
PS 38/17	Budsjett 2018	
PS 39/17	Val av leiar/nestleiar i Fitjar eldreråd 2018/2019	
PS 40/17	Orienteringar om aktuelle saker v/helse- og sosialsjef	
PS 41/17	Meldingar	
PS 42/17	Ymse	

PS 33/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå 18.09.17.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå 18.09.17.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner protokollen frå møtet 18.09.17.

PS 34/17 Oppsummering av eldredagen

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

EBehandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Eldredagen blei arrangert 4. oktober 2017 på Fitjar vidaregåande skule. Det blei solgt 80 billetter. Halvard Wiik holdt ein interessant tale og det var god underhaldning av Fitjar kulturskule.

Det vart savna musikk til allsangen. Det blei også lagt fram ynskje om variasjon i kakeutvalet. Når neste eldredag skal arrangerast, må lydkvaliteten sjekkast i rommet.

Rekneskap for eldredagen:

Billettinntekter:	kr 8 000,-
Rekning frå Fitjar vidaregåande skule	kr 9 500,-
Annonsering	kr 2 100,-
<u>Blomer</u>	<u>kr 1 400,-</u>
<u>Tilsamen</u>	<u>kr 13 000,-</u>

Kr. 5000,- står igjen på konto.

Vedtak:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 35/17 Referat frå Eldrerådskonferansen 7. - 8. november 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek referatet til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Eva Pernille Tufteland og Torunn Johansen orienterte om det som blei gjennomgått på Eldrerådskonferansen i Bergen 7. og 8 november 2017.

På konferansen blei det informert om NAV hjelpemidler, pasientreiser og likeverdsplanen v/ Hordaland fylkeskommune.

Eldrerådet frå Fjell kommune og Ulvik seniorråd hadde laga presentasjonar som viste informasjon om råda og kva dei jobba med.

Medlemmene har fått utdelt utskrift fra presentasjonen som blei vist ved konferansen.

Vedtak:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

PS 36/17 Eldrerådskurs i Melsomvik januar 2018

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet sender til eldrerådskurs i Melsomvik 29-31 januar 2018.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Eldrerådet vel å ikkje senda representantar frå Fitjar eldreråd på eldrerådskurs i Melsomvik januar 2018.

Vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 37/17 Apotek i Fitjar**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Nokre av innbyggjarane har ytra ynskje om apotek i Fitjar, for å lette uthenting og få mindre gebyr.

Det er medisintuleveringar hos Larsen Multihandel og Joker Rydland. Leveringane frå apotek kjem ca. kl. 16.00.

Det er ynskeleg å kunne henta ut medisinen etter ein har vore hos lege, fordi det er for tungvint å måtte gå ut igjen for å henta medisinen.

Eldrerådet ber administrasjonen om å sjå på moglegheiter for apotek i Fitjar og ta kontakt med apotekkjedene.

Vedtak:

Eldrerådet ber administrasjonen greie ut mogeligheit for å etablere apotek i fitjar

PS 38/17 Budsjett 2018**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Saka vart lagt føre utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Helse- og sosialsjef Anne Økland og økonomisjef Trond Salmo orienterte om budsjettet. Utskrifter frå presentasjonen blir sendt til medlemmene.

Representanten Grete Marit Veka Maraas hadde laga eit forslag til uttale:

Fitjar eldreråd ber om det blir tilsatt ergoterapeut snarlig. Ber også om at det ikkje blir nedskjæringar i heimetenesten, slik at dei eldre kan få bli buande lengre heime.

Det er litt vanskelig å ana konsekvensane av dette budsjettforslaget, før formannskapet sitt budsjett vert lagt fram. Dette er rådmannen sitt framlegg og erfaringsmessig så veit me at det vert endra.

Eldrerådet ser med uro på det stramme budsjettet som no vert lagt fram. Det skal skjerast ned både innan skule, helse og administrasjon, samtidig at eigedomskatten blir auka. Færre tenester og meir å betale for innbyggjarane i kommunen.

Så høyrer ein at statsbudsjettet legg fram føringar på auka lærartetthet og færre elevar pr. klasse. Dette er i sjølv positivt, men dersom det ikkje føl pengar med

til kommunane, (her: Fitjar), kan dette blir vanskeleg å gjennomføra i eit allereie stramt budsjett.

Eldrerådet er uroa med tanke på dei eldre, for i heimesjukepleien vert brukarane fleire, og mange av dei treng meir hjelp. Likevel skal det skjerast ned på stillingane og hjelp til dei eldre. Samtidig skal sjukeheimen byggast ned over ein periode der det vert bygd nytt. Dette går ut over dei eldre.

Forslaget blir lest igjennom, eldrerådet godkjenner forslag til uttalen.

Vedtak:

Eldrerådet sender uttale til politisk handsaming.

PS 39/17 Val av leiar/nestleiar i Fitjar eldreråd 2018/2019

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Arvid Ole Refvik har valgt å slutte om leiar og eldrerådet velger ny leiar og nestleiar.

Vedtak: (Samrøystes)

Eva Pernille Tufteland er valt som ny leiar og Arvid Ole Refvik nestleiar. Medlem Trude Miland Helland var gått då saka blei tatt opp.

PS 40/17 Orienteringar om aktuelle saker v/helse- og sosialsjef

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Helse- og sosialsjef Anne Økland orienterer om diverse saker.

- Heis på kultur- og idrettsbygget
- Legerekuttering
- Nytte vikarbyrå til rekruttering av fastlege
- Forbrukerrådet si undersøking av fastlegekontor
- Verbale føringar til budsjett 2017
- Middag til middagstid – FBB
- Dagtilbod til demente
- Status utbygging FBB

Medlemmene får utskrift av presentasjon tilsendt.

Representanten Torunn Johansen seier at det er mykje ventetid ved legekantoret, kva grunnar er det til den lange ventetiden. Helse- og sosialsjef Anne Økland formidlar spørsmålet vidare.

Det blei også lagt fram spørsmål om heimebuande kan få hjelp med klesvask. Helse- og sosialsjef Anne Økland undersøker saka vidare.

Vedtak:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

PS 41/17 Meldingar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek tilbakemeldinga til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Eldrerådet har fått tilbakemelding på spørsmålet om kvifor einslege minstepensjonistar må like mykje kommunale avgifter som ektepar, og blir orientert på møtet.

Vedtak: (Samrøystes)

Eldrerådet tek meldinga til vitande.

PS 42/17 Ymse

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Eldrerådet - 04.12.2017:

Vedtektene til Seniorsenteret blei diskutert, eldrerådet tek opp dette i eit seinare møte.

Kopi av vedtektene/servituttene sendast saman med protokollen.

Vedtak: